
Notat

Til: Sogndal kommunestyre

Frå: Rådmannen

| Arkivkode | Arkivsaknr. | Løpenr. | Dato |
|-----------|-------------|----------|------------|
| | 20/3802-6 | 11735/21 | 29.04.2021 |

Status bruk av fullmakt til løpande barnehageopptak

I kommunestyresak 51/20 fatta kommunestyret følgjande vedtak:

1. Sogndal kommune vil gje eit fleksibelt og løpande opptak.
2. Administrasjonen får mynde til å ta opp barn i barnehagar med ledig areal fortløpande, og sikre bemanning i tråd med krava.
3. Administrasjonen si fullmakt til løpande opptak er avgrensa til ein samla konsekvens på 2 årsverk.
4. Politisk nivå skal haldast orientert om bruken av ordninga, og særleg dersom handlingsrommet i fullmakta er nytta fullt ut.

For våren 2021 er status at den vedtekne fullmakta nytta fullt ut.

Løpande opptak: etter hovudopptaket blir ledig plass kontinuerleg fylt opp. Dette skjer når eit barn seier opp plassen sin og innanfor fullmakta med to stillingar. Dvs. 6 småbarnsplassar, ev. det doble ved barn over 3 år.

All kapasitet er utnytta. Dei 6 plassane er fordelt på Nybø, Henjahaugane, Kyrkjebakken, Fosshagen og Kjørnes barnehagar.

På venteliste for vårsemesteret:

- Barn over 3 år: 1
- Barn under 3 år: 15

Søknad frå mai/juni: 3

Desse tala gjev eit augeblikksbilete, og er i kontinuerleg endring. Kommunen er i tillegg varsla om føresette som flyttar til kommunen og som ønskjer plass før skulestart. Barna på venteliste er busett i områda Leikanger og Sogndal.

Det er arealkapasitet i Ylvisåker, Fosshagen, Nybø, Kyrkjebakken, Balestrand og Fjærland.

Rådmannen har ikkje økonomisk fullmakt til å nytte den ledige arealkapasiteten til å ta inn fleire barn. I tillegg er det nokre utfordringar som vi må vere merksame på og finne gode løysingar for:

- Fosshagen har fulle avdelingar. Sjølv om det er ledig areal/avd., så må det kunne organiserast gode grupper for nye barn.
- Ein liten stillingsressurs som eit barn utløyser, er ikkje alltid enkelt å få tilsett folk i, og utfordrar kommunen si målsetjing om heile, fulle og faste stillingar
- Me må få til gode barnegrupper.

- Me må kanskje avvike for norm for pedagogisk bemanning for nokre månadar om vi tek inn fleire barn.